

Fleire born over heile landet får sommarskuletilbod

Born og unge har betalt ein høg pris under koronakrisa. I sommar får fleire born moglegheit til å ta igjen det tapte. Regjeringa har nemleg sørga for 500 millionar til kommunane, slik at dei kan opprette ulike sommartilbod for elevar i grunnskulen.

Skular og lærarar over heile landet har lagt ned ein kjempejobb og imponert stort under koronakrisa. Men born og unge har likevel måtte betale ein høg pris. Sosial nedstenging og heimeskule har truleg ført til at mange elevar har behov for å vere meir sosiale, leike, få nye

venskap, samt ta igjen tapt fagleg progresjon.

Difor er eg kjempeglad for at Høgre i regjering har prioritert store midlar til å hjelpe born og unge i sommarferien, og at fleire elevar over heile landet no kan glede seg til spennande kurs i sommar.

Mange born har vore mykje aleine og treng å få eit sommartilbod som gjev meistring, læring, utforsking og nye vener. Regjeringa sin siste krisepakke var særleg retta mot born, unge og studentar. Blant anna blei 500 millionar kroner føreslått til at kommunane kan

opprette sommarskuletilbod for elevar i grunnskulen. Det er no ein realitet. I påskeveka fekk også mange kommunar tildelt betydelege summer for å hjelpe born og unge.

Pengane frå regjeringa skal bidra til utvikling av nye tilbod eller til utvida tilbod. Målet er at endå fleire barn skal få ein arena der dei kan delta i faglege, sosiale og kulturelle aktivitetar i skulen sin sommarferie i år. Det vil også bidra til at elevar kan ta igjen tapt læring som følgje av strenge smitteverntiltak i skulen det siste året. Slike sommarskuletilbod kan også

bidra til sommarjobbmoglegheiter for mange unge vaksne og studentar ute i kommunane. På den måten løyser ein fleire problem på ein gong.

Samtidig veit vi at kommunane har svært ulike føresetnader. Difor er det rom for at tilboda kan vere ulike i ulike kommunar. Kommunane må sjølv avgjere korleis midlane best kan nyttast lokalt for å skape gode sommartilbod for elevane. Kommunane kan til dømes inngå samarbeid med idrettslag, kulturskular, eller leirskular, alt etter kva som passar dei lokalt.

Det aller viktigaste er uan-

sett at pengane frå regjeringa faktisk går til gode sommartilbod til borna rundt omkring i landet. Noko anna er uakseptabelt. Vi har ikkje råd til nok ein sommar med avlyste sommartilbod, slik mange born opplevde i fjor. Dette året kan kommunane heller ikkje skylde på lommeboka, ettersom dei har fått tilbod om å søke midlar til å opprette eller utvide sommarskuletilbod i sin kommune.

*Storingsrepresentant
Mathilde Tjybring-Gjedde (H)*

Eit livskraftig Hye-samfunn er viktig for Gloppen kommune

Eg er utflytta hyar. Men eg har eigeidom i bygda, er der ofte, og eg er svært glad i heimbygda mi. Eg held lokalavisa fordi eg likar å følgje med på det som skjer i Gloppen kommune generelt, og Hyen spesielt. Og det er eit par saker eg har følgd gjennom ei årrekke, og som gjer at eg no tek tastaturet fatt. Eg er klar over at å følge saker gjennom media gjerne ikkje gjev det heile og fulle bildet, men det gjev likevel eit inntrykk av situasjonen.

Saka om Hyen skule har gått i nærare 20 år. Gong på gong har vedlikehald og opprusting vore vedteke, for deretter å bli utsett og nedprioritert på grunn av andre prosjekt som blir vurdert «viktigare». Åra har gått. Det manglande vedlikehaldet har gjort at tilstanden på bygget har blitt verre og verre, og til slutt kjem ein dit hen at det ikkje løner seg å rehabilitere, men å bygge heilt ny skule. Når ein så endeleg kjem så langt at bygging av ny skule

le nærmar seg realitet, blir det sett stopp omtrent i det ein skal sette spaden i jorda. Når eg no les at situasjonen er så alvorleg at elevar må ta smertestillande fleire gonger i veka for å klare å vere på skulen, så er dette ein situasjon Gloppen kommune med sine prioriteringar sjølv har skapt. Dette kan ikkje Gloppen kommune vere bekjent av. Eg meiner det er ei skam. Ja, det er harde ord, men eg meiner det. Har kommunen verkeleg snudd alle steinar og verkeleg prøvd å skaffe midlar til å sette i gang bygginga? Sjølv om kommunen no er på veg inn i Robek, må det kunne gå an å skaffe pengar og godkjenning for bygging av ny skule når situasjonen er så alvorleg som den er. Det er barna og lærarane si helse det handlar om her.

Ei anna sak som opptek meg er vegstandarden på FV 615. Eg bur i Florø. Eg har køyrt strekninga Hyen - Storebru i over 40 år. Det føregår no utbetring av nokre flaskehalsar

på strekninga, og det er svært gleden, og høgt på tide. Men eg synest opp gjennom åra at Gloppen kommune med fleire ordførarar i spissen har verka svært defensive og fråverande i kampen for å ruste opp vegen til akseptabel og trygg standard. Eg har ofte lese om kommuneleing og politikarar som står fram og snakkar om kor viktig det er med utbetring av Breimsfjellet og bru Anda - Lote. Og det er viktig, einig i det. Men eg har gjennom åra fått det inntrykk at dei styrande i Gloppen ikkje har hatt evne og vilje til å sjå vest om Hestenesøyra både når det gjeld skule, veg, tilrettelegging av bustadtomter eller andre ting. Utbedring av FV 615 er av stor betydning for å skaffe Brødrene Aa stabil arbeidskraft. Dette er ei hjørnesteinsbedrift i Gloppen, og verdslende på sitt felt. Brødrene Aa har no verft både i Hyen og i Eikefjord. Gloppen kommune bør tenkje seg grundig om ang. kva konsekvensar

mangel på stabil arbeidskraft kan vere. Det bør også vere i heile kommunen si interesse å få vegen opprusta med tanke på nærare tilknytning til den positive næringsutviklinga på kysten og sjansar til å kunne innhente oppdrag der. Ikkje minst dei stadige rasa i Hopsstranda har vist kor viktig det er å få løfta denne vegen opp og fram på prioriteringslista. Eg er oppvaksen midt i Hopsstranda. Eg veit kor farleg denne er, og har vore i alle år, med tanke på stadige steinsprang og ras, store isblokker og snø om vinteren. Det er ei svært så dyrebar last skulebussen har med seg gjennom Hopsstranda kvar dag.

Verdiskapinga i Hyen er stor, også sett i nasjonal målestokk. Med sine ca. 450 innbyggjarar var det i 2019 rekna ut at bygda skapte verdier for 845 mill. kr, fordelt på industri, fisk, jordbruk, entreprenørar, kraftproduksjon og andre. Dette er sikkert ikkje mindre i dag. Så kan ein dele verdiskapinga på tal

innbyggjarar og sjå kva summen blir. Eit livskraftig Hye-samfunn er viktig for Gloppen kommune og gjev klingande mynt i kommunekassa.

Og positive ting skjer. Unge bønder satsar på nye driftsbygningar og andre unge signaliserer at dei ønsker å satse. Unge familiar har flytta heim, bygt hus eller teke over gardar, andre tilflytta har etablert seg. På Solheim ønskjer grunneigarar å regulere tomtfelt. Men for å stimulere til ei fortsatt positiv utvikling og eit livskraftig Hye-samfunn, er to ting viktige: skule og sikker og god veg.

Så Gloppen kommune: Skaff pengar på eit eller anna vis til å starte opp bygging av ny skule, og jobb knallhardt i lag med styret i Midtvegen 615 for å løfte FV 615 opp og fram på prioriteringslista.

Joveig Røyrvik Flister

Kva **målgruppe** skal du bruke for å nå din **neste medarbeidar?**

Vi hjelper deg.



Rune Henden

Tlf. 454 45 244
rune.henden@fjt.no



Vilde Myhre Skavøpoll

Tlf. 918 22 206
vilde@fjt.no

Nordfjord **samkøyringa**

